

Tabell 2.

Analysér av brenntorvprøver fra Roan herred.

Nr.	Fra	Dybde m	Undergrunn	Volumvekt g/dm ³	Sammenholdningsgrad	Aske i vannfri torv %	Brennverdi	
							I vannfri torv kal.	I torv med 25 % vann (beregnet) kal.
1.	Frollskarmyra	2,7	?	1,112	1	10,0	4,844	3,278
3.	Vest for Jenselivatn	1,7	fjell	1,132	1	24,3	3,752	2,508
4.	Mellom Hanafjelltjønn og Berfjordvatn	2,0	fjell	1,144	1	19,2	4,340	2,923
5.	Sørvest for Storlia	2,0	fjell	1,240	1	5,8	5,208	3,538

feltet, som ligger på omlag 260 m o. h. Imidlertid har en av ingeniørene fra fylkets veivesen sett på terrengforholdene og uttalt at det vil være mulig å legge en vei som vil komme opp ved nordenden av vestre Jenselivatn (stiplet på kartet).

Slik som forholdene er nå, ligger det altså dårlig til rette for transport av torv fra disse feltene ned til bygda.

Men en har i en del år arbeidet med planer for en vei fra Roan til Hofstad. (Fra Hofstad går det vei videre over Momyrene til Affjorden). Denne veiplanen står i samband med et større veiprojekt: sambindingsveien over Fosenhalvøya. Det var en utbredt mening i Roan at den beste linje for en slik vei ville være nettopp forbi disse brenntorvfeltene (stiplet på kartet!). Og den verste hindringen — stigningen fra Roan og opp på fjellet — lar seg som nevnt overvinne. En slik veilinje virker umiddelbart tiltalende og praktisk, om en tør dømme etter rektangelkartet og noe kjennskap til terrengforholdene.

En ting er sikkert: En slik vei ville åpne adgangen til den verdifulle brenselreserven som ligger her og hjelpe til med å løse brenselsspørsmålet for øydistriktet i Roan for lang tid framover.

NY FORSØKSMELDING OM MYRFORSØKENE.

DET er nylig utsendt en ny melding fra Det norske myrselskaps forsøksstasjon på Mæresmyra. Meldingen inneholder denne gangen følgende avhandlinger:

1. Hans Hagerup: Forsøk med stigande mengder 40 % kalisalt på myrjord.
2. Aksel Hovd: Korndyrking på myr. Forsøk på Mæresmyra 1921—1939.
 - a. Havresortar.
 - b. Byggsortar.

Meldingen sendes gratis så langt opplaget rekker til alle som måtte ønske det. Henstillinger om å få meldingen tilsendt adresseres til Det norske myrselskaps forsøksstasjon, adr. Mære st., eller til myrselskapets hovedkontor, adr. Rosenkrantzgaten 8, Oslo.

„TORVBJØRN“.

Transportapparat for stikktorv.

MELLOM dei større problem ved stikktorvdrift er å finna den mest rasjonelle måte for uttrillinga. Under drifta på Jøa-myranane i sumar, der ca. 130 menneskjer var knytt til sjakt-arbeidet, vart det prøvd mange hjelperåder, frå trillebår, berebrett og skikjelke til «Torvbjørn», som er konstruert av herr Aksel Sæther, Faksdal.

Ikkje berre er «Torvbjørnen» det beste verkty av desse. Men etter mitt skjønn kan ein seia at problemet er løyst i og med han.

Det er sjølvsagt av stor viktighet å få sjaktarbeidet unnagjort i rette tid. Difor gjeld det om å kunne nytta den arbeidskrafta ein har til rådvelde (og kan skaffa husvære for) på den mest rasjonelle måten. Også i så måte er bruken av «Torvbjørnen» ein viktig lekk.

1. Frå at uttrillingsarbeidet er berre tvilsamt skikka for kvinner og mindreårige (for tungt?) er det ved hjelp av «Torvbjørnen» berre vorti til eit vanleg krevjande kroppsarbeid for slike. Hermed kan ein lettare få frigjort krefter som er skikka til å arbeide i sjakten, samstundes som ein i stor mon lettar vegen for kvinner og framvekstringar til å få vera med i arbeid som gjev god fortjeneste. Utan «Torvbjørnen» må dei helst sjølve vera av «bjørnerasen», om dei utan skade skal koma ifrå det.
2. Med det plankesystemet ein bruker til skeinegang under «bjørnen», er ein ikkje i beit om det hender at myra inn i mellom er blaut og diki. — Til vanleg skal 5/4" plankar greia det. Og plankane har ein alltid bruk for både ein og fleire gonger sidan under drifta.
3. Torva berger ein heilare enn venteleg ved nokon annan utreisingsmåte.
4. Det er lett å halda torvtalet ved berre å telja lassa, når ein legg etter eit fast system. Nokre kg i vekt frå eller til spelar lite rolle for «bjørnen».

I år vart det ikkje så mange sjaktlag her heller som kom til å få del i gleda og vinninga ved «bjørnen». Men kjem eg til å driva fleire år med stikktorvdrift, vil eg unngå bruka anna verkty i uttrillingsarbeidet, så billege og einfelde gogner dette er.

Faksdal, Jøa, den 24. november 1941.

Arne Lindgard (sign.)